



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato  
14.02.2014  
Dykkar dato  
18.12.2013

Vår referanse  
2014/44 561  
Dykkar referanse  
13/5309

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### **Merknad til foreslått utgreiingsprogram for Sveio Vindkraftverk og Ryvarden Vindkraftverk**

---

**Naturmangfaldlova §§ 8 til 12 må sette standard for kvalitet, innhald og omfang av utgreiingsprogramma. Vurdering av samla belastning må omfatte heile Sunnhordland og Nord-Rogaland.**

**Det må gjerast nye undersøkingar av rovfugl, spesielt hubro. Bortfall av inngrepsfrei kystr natur må sjåast i utvida perspektiv for Vestlandskysten. Samla landskaps-, friluftsliv- og opplevingsverdiar må få sentral plass i utgreiingane.**

**Det må setjast krav om utgreiing av alternative utbyggingsmåtar og 0-alternativ, og konsesjonssøknadane etter energilova må vise relevante arealinngrep.**

---

Fylkesmannen viser til to meldingar om bygging av vindkraftverk i Sveio kommune, Ryvarden Vindkraftverk og Sveio Vindkraftverk. NVE gjennomført orienteringsmøte 20. januar 2014, der vi dverre var forhindra frå å møte. Fylkesmannen har fått presentasjonane i ettertid.

For vindkraftverk med installert effekt over 10 MW er det krav om konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta i plan- og bygningslova. Fylkesmannen vil i det følgjande gi innspel til foreslått utgreiingsprogram for dei to vindkraftverka. Våre merknader er avgrensa til punkt vi meiner ikkje er utfyllande nok skildra i dei presenterte forslaga. Merknadene gjeld begge prosjekta dersom anna ikkje går fram av teksten.

### **Kort om utbyggingsplanane**

	<b>Inst effekt MW</b>	<b>Årleg produksjon GWh</b>	<b>Tal turbinar</b>	<b>Planområde km<sup>2</sup></b>	<b>Nye vegar km</b>
Ryvarden Vindkraftverk	24 - 45	75 - 140	8 -15	2,6	7-8
Sveio Vindkraftverk	30 - 40	120	12 - 20	Ikkje oppgett	Ikkje oppgett

Planområdet for **Ryvarden vindkraftverk** ligg i eit ope kystlandskap 20 – 80 moh. om lag 1 km nordaust for Ryvarden Kulturfyr og 5 km sørvest for Sveio sentrum. Området er avsett som LNF-F (friluftsområde) i kommuneplanen. Tilknyting til nett skal gå i jordkabel fram til eksisterande 22 kV line til transformatorstasjon i Lid. Tilkomstveg til anlegget og for transport av turbinar er planlagt frå Mølstrevågen. Nye veganlegg treng køyrebreidde på 5-6 m. Ein må rekne med tilleggsareal til vegskulder, fyllingar og anna.

**Sveio vindkraftverk** er planlagt på fjellpartia Håvåsen, Trehovdfjellet og Nordskogfjellet, om lag 3 km nordvest for Sveio sentrum. Høgdenivå er ikkje oppgitt i søknaden, men ligg truleg på om lag 100 – 150 moh. Området er avsett til LNF-område i kommuneplanen. Tilkomstveg til anlegget og transport av turbinar er tenkt anten frå Buavåg eller frå Mølstrevåg og Vierdal. Omfang av nye vegar i planområdet går ikkje fram av meldinga, men dei må ha ei køyrebreidde på 5 m. Det vil truleg vere nødvendig å utbetre eksisterande veg frå kai fram til vindkraftverk for å sikre minst 12 tonn aksestykk for nødvendig svingradius.

I meldingane gir høyringspartane ikkje eit samla oversyn over andre vindkraftverk i regionen i Nord-Rogaland og Sunnhordland. Melding om Ryvarden vindkraftverk har med eit grovt kart som viser plasseringa av nokre av dei konsesjonspliktige prosjekta på Haugalandet. Melding om Sveio vindkraftverk omtaler andre vindkraftprosjekt som den aktuelle sokjar har meldt og konsesjonssøkt sør for Stavanger.

Begge meldinga har kort omtale av aktuelle problemstillingar og forslag til utgreiingsprogram. Konsekvensutgreiingane skal i hovudsak vere basert på eksisterande og kjent kunnskap. Det går fram av presentasjonen for Sveio vindkraftverk at det er gjennomført hubro-undersøkingar i to år.

## Overordna merknad til vidare planlegging

I samband med kommuneplanlegginga for Sveio meldte Fylkesmannen motsegn til forslag om å legge inn areal for vindkraftverk på Trehovdfjellet/Havåsen, ut frå området sin verdi for biologisk mangfold. Planprosessen førte til at arealformålet vart omgjort til LNF i tråd med Fylkesmannens tilråding.

Sokjar ønskjer innhente meir informasjon om naturverdiane, og slik klargjere konfliktnivået ved eit eventuelt vindkraftprosjekt i området. Fylkesmannen viser til at området er særleg viktig for hubro, som nyttar området fast i samband med hekking og næringssøk. Hubro har status som *sterkt trua* (EN) på den nasjonale raudlista. Det ligg føre nasjonal handlingsplan for å sikre ein levedyktig bestand i Noreg.

Bygging av vindkraftverk i omsøkte område er difor etter Fylkesmannens vurdering konfliktfylt samanlikna med nasjonale mål for sikring av biologisk mangfold. Dette må sokjarane leggje til grunn dersom dei ønskjer å gå vidare med planlegging av vindkraftverk i dei aktuelle områda.

## Fylkesmannens merknader til foreslått utgreiingsprogram

### Naturmangfaldlova bør sette standard for konsekvensutgreiingane

Samla høyring av dei to meldte prosjekta opnar for å vurdere samverknader på noko betre måte enn om dei vart handsama kvar for seg. Meldingane ber likevel preg av å vere utarbeidd utan samordning. Vidare er det uklårt for Fylkesmannen kor ambisjonsnivået ligg i forslag til vidare utgreiingar, spesielt når det gjeld Ryvarden.

Det er viktig at NVE, som ansvarleg myndighet, nyttar høvet til å sette tydeleg krav til kvalitet, innhald og omfang av KU-programma når ein går over i utgreiings- og søknadsfasen. Krav i naturmangfaldlova må vere styrande for prosessen vidare.

### Energistyresmaktene må krevje dokumentasjon av samla belastning i regionen

Bygging av vindkraftverk påverkar landskap og naturmiljø på grunnleggjande måte. Det er sett i drift og søkt om mange vindkraftverk i Sunnhordland, Nord-Rogaland og lengre sør i Rogaland. Mot nord ligg Midtfjellet vindkraftverk i Fitjar. NVEs retningslinjer for visualisering av vindkraftanlegg gir ikkje grunnlag til å vurdere samla belastning på landskap og andre naturverdiar. For å få godt nok kunnskapsgrunnlag er det nødvendig å løfte perspektivet ut over det einskilde planområde med nærmeste influensområde.

Vi viser i denne samanheng til Fylkesmannen i Vest-Agder, som i samband med si motsegn til bygging av Skveneheii vindkraftverk har utarbeidd eit samla kart over synlegheit for fleire vindkraftverk i indre del av fylket. Kartet illustrerer at sumverknaden av fleire anlegg, og at samla inntrykk og påverknad av landskapet kan vere større enn analyse av det einskilde kraftverk tilseier.

Fylkesmannen i Hordaland meiner energistyresmaktene må syte for at denne type informasjon inngår i konsekvensutgreiingane. Aukande tal på vindkraftanlegg over heile landet gjer at konfliktnivået for kvar sak aukar. Det er trong for relevante samanstilling av sumverknad som del av avgjerdsgrunnlaget. Både innbyggjarane som vert råka, ålmenta, høyringsspartar og energistyresmaktene sjølv må kunne danne seg eit reelt bilde av samla belastning på naturverdiane.

Sumverknaden ved dei mange anlegga på Sør-Vestlandet påverkar både sårbart kystlandskap, inngrepsfri natur, friluftsinteresser, landskap og biologiske verdiar. Fylkesmannen vil be NVE ved utforming av utgreiingsprogramma for prosjekta i Sveio syte for tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om samla belastning på naturmangfaldet i regionen Sunnhordland og Nord-Rogaland.

### Kunnskapsgrunnlaget og sårbart fugleliv

Foreslått utgreiingsprogram er ikkje presise nok til å sikre at nødvendige undersøkingar vert gjennomført når det gjeld rovfugl, spesielt hubro, men og havørn og andre rovfuglarter. Nærleiken til fleire våmarksreservat med føremål å verne våmarksfugl må inngå i utgreiingsprogrammet. Det same gjeld verknader for fugl på trekk.

For å ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om hubro er det nødvendig med nye registreringar av hekkeplassar og område for næringssøk. Arbeidet må utførast av fagkunnig personell med særleg erfaring med arten.

Søkjer for Ryvarden vindkraftverk viser til vilkår sett i samband med konsesjon for anlegga i *Bjerkreimsklusteret*. Fylkesmannen meiner at vi fortsatt treng styrke kunnskapsgrunnlaget når det gjeld den langsiktige verknaden av å bygge vindkraftverk. Det er viktig med krav om både før- og etterundersøkingar for å få meir presis kunnskap. Utgreiingsprogram for nye vindkraftverk i Sunnhordland må difor omfatte registreringar av fuglelivet i eit langt tidsperspektiv. Den korte avstanden mellom dei planlagde prosjekta gjer det særleg viktig å sjå dei i samanheng.

### **Kystlynghei og inngrepsfri natur i kystområda.**

Eventuell bygging av Ryvarden Vindkraftverk vil føre til irreversible endring av det karakteristiske landskapsrommet i kystområdet ved Ryvarden. Planområdet er registrert som viktig kystlyngheimråde (B-verdi). Dette er ein skjøtselskrevjande naturtype, og det ligg føre planar for drift av området. Utgreiingsprogrammet må omtale dette, og eventuell konflikt med slik drift.

Området har særeigne kvalitetar, ikkje minst på grunn av at det er synleg frå fjordområda vidt omkring og på grunn av sin storleik. Eventuell utbygging vil føre til tap av verdifull inngrepsfri natur i ytre kystområde. Det er viktig å talfeste bortfall av inngrepsfri natur. Enda viktigare er det å sjå bortfall av slike kystnære område i samanheng med arealbruken langs heile vestlandskysten. Kystnære område er utsett for utbyggingspress knytt til industri, samferdsel og anna. Dette gjer urørte kystområde med den en storleik vi har ved Ryvarden særleg verdifull. Konfliktvurdering knytt til eventuelt tap av dette området bør difor gjerast i større perspektiv enn influensområdet for anlegget åleine.

### **Landskap, friluftsliv og opplevingsverdi**

Utgreiingane må omfatte ny og oppdatert kunnskap om bruk verdien av områda i samband med friluftsliv og opplevingsverdi. Utgreiinga bør omfatta verdisetting og kartlegging av nasjonale, regionale og lokale friluftsområde, inkludert skildring av området som del av Nordsjøløypa. Bygging av eit vindkraftverk som planlagt vil etter vår oppfatning endre opplevingsverdiane knytt til bruk av kyststien.

På Ryvarden ligg eit statleg sikra friluftsområde. Området ut til Kystfyret er blant dei mest besøkte turmål på Haugalandet og i Sunnhordland, og har i følge Friluftsrådet Vest godt over 30 000 besøkjande kvart år. Opplevingsverdiane for besøkjande til området er altså knytt til både natur- og kultur, landskap og friluftsliv, og må vere eit sentralt tema i utgreiinga.

### **Kartgrunnlag som viser relevante arealinngrep**

I omtale av utgreiingsprogrammet for Ryvarden Vindkraftverk framgår det at ein vil legge fram detaljert informasjon om arealinngrepa knytt til ei eventuell utbygging. Det er likevel ikkje klårt kva detaljnivå ein vil nytte som kartgrunnlag.

Fylkesmannen meiner det er viktig å synleggjere alle verknader av inngrepet i konsesjonsfasen. Store arealinngrep må skildrast, slik at ein har grunnlag for å vurdere verknader på landskap, friluftsliv og opplevingsverdiar før ein tek stilling til utbyggingsspørsmålet. Med god omtale av inngrepet vil det og vere lettare å sette vilkår i samband med ein eventuell konsesjon. Vi minner om at detaljplanlegginga etter dagens praksis er ein lukka prosess mellom NVE, utbyggjar og eventuelt kommunen, og at andre høyringspartar ikkje har anledning til å påverke planlegginga i denne fasen.

## **Alternativ bør inngå i utgreiingane**

Utgreiingane bør vise alternative utbyggingsomfang, når det gjeld arealbruk, tal på vindturbinar, omfang av nye veganlegg og andre arealinngrep. Utbyggingsalternativa må haldast opp mot eit 0-alternativ, som er å ikkje gjennomføre planlagde utbyggingar.

## **Konklusjon**

NVE må sette krav til innhald og kvalitet på utgreiingsprogramma for å sikre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet før eventuelle konsesjonsvedtak.

Omfattande utbyggingspress i regionen gjer det nødvendig å vise samla belastning på naturverdiane. Basert på kunnskap om hubroen sin toleranse overfor inngrep er det sannsynleg at utbyggingane vil vere konfliktfylte etter nasjonale mål for sikring av biologisk mangfald. Bortfall av inngrepsfri natur i ytre kyststrok er spesielt sårbart, og må vurderast i utvida perspektiv for vestlandskysten. Samla landskaps-, friluftsliv- og opplevingsverdiar må få sentral plass i utgreiingane.

Det må setjast krav om utgriing av alternative utbyggingsmåtar og 0-alternativ. Konsesjonssøknader må vise relevante arealinngrep i eigna kartformat.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
miljøvernssjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Norsk Vind Energi  
Solvind Prosjekt AS  
Miljødirektoratet  
Friluftsrådet Vest  
Sveio kommune  
Hordaland fylkeskommune  
Fylkesmannen i Rogaland  
Forum for Natur og Friluftsliv i  
Hordaland v/ Bergen Turlag

Ullandshaugsveien 150	4021	STAVANGER
Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Postboks 63	5575	AKSDAL
Postboks 40	5559	Sveio
Postboks 7900	5020	Bergen
Postboks 59	4001	Stavanger
Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN